



Handlingsplan for fysioterapeutar og ergoterapeutar i nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna 2017

Målsetting for nettverk

Målet for nettverket av ressurspersonar i Helse Fonna er kompetanseheving, samhandling og samarbeid slik at kreftpasientar og andre pasientar med trong for lindrande behandling, samt. deira pårørande, opplever god kvalitet og tryggleik på alle nivå i helsetenesta.

I Helse Fonna er det til saman 30 fysioterapeutar og ergoterapeutar. Dei representerer alle 18 kommunane.

Satsingsområde frå strategiplanen:

Det er valt ut satsingsområde for nettverket ut frå strategiplanen. Nokre område er med vidare frå tidligare handlingsplan. I 2017 vil ein ha fokus på desse emna:

- Erfaringsutveksling
- Individuell plan for bruk i palliasjon (IP)
- Hospitering
- Å få innarbeidd møte mellom ressursperson og nærmaste leiar
- Tverrfaglig samarbeid
- Vidareformidling

Plan for arbeidet til ressurspersonane:

1. Klinisk verksemd på arbeidsplassen:

- Vere ressursperson og rollemodell for sine kollegaer i arbeidet med kreftomsorg og palliasjon.
- Bruke ESAS-r for palliative pasientar.
- Vere med i utarbeiding av minst ein individuell plan innan palliasjon gjennom året.
- Vere eit bindeledd mellom ulike delar av tenestetilbodet rundt pasienten.
- Fremje tverrfagleg samarbeid ved å bidra til å trekke inn relevante yrkesgrupper.
- Bruke nettverket til å betre det tverrfaglege samarbeidet.
- Spørje pasienten «Kva er viktig for deg?»

Ressurspersonane bør:

- Ha minst eitt møte med leiar og lage handlingsplan for arbeidet som ressursperson.



Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde

- Ha internundervisning på arbeidsplassen sin når dei har vore på nettverksmøte eller fellessamling.
- Gjere seg kjend med og ev. bruke hospiteringsordninga mellom Helse Fonna og kommunane.

2. Samhandling- systemarbeid:

Ressurspersonane vert oppmoda til å bruka individuell plan, som er eit viktig verktøy for å fremje god samhandling som kjem den enkelte pasient og pårørande til gode. Hospitering kan og bidra til å fremje samhandling ved at ein får kjennskap til kvarandre sin kompetanse og arbeidssituasjon.

3. Kompetanseheving:

- Ha undervisning for kollegaer etter samlingar/møter.
- Vidareformidling av informasjon- dele kunnskap med kollegaer.
- Arrangere fagmøte på arbeidsplassen med palliativ tilnærming.
- Dersom ein har eit område ein har utdanning i, t.d. lymfødem, kan ein gi opplæring til kollegaer. Det er då viktig å journalføre kva ein gjer, ut frå kva ein har kompetanse til.
- Bruke førelesingane frå fagdagar til å undervise kollegaer. Viktig då å være merksam på kor ein tar det frå – kven som har laga føredraget.

Ressurspersonane får undervisning ut frå nettverket sin kompetanseplan, og dette vil vidareførast gjennom introduksjonskurs, felles fagdag for heile nettverket og fysioterapeutane og ergoterapeutane sin eigen fagdag.

Fysioterapeutar og ergoterapeutar er invitert til fellesmøta, som er eit forum der ressurspersonane kan formidla sine erfaringar med tverrfaglege kollegaer. Ressurspersonane vert oppmoda til å delta på desse samlingane. Moglegheit for å få mini-lymfedrenasjekurs til områda er ønskeleg.

Plan for oppdateringar:

Det vert i 2017 lagt til rette for at ressurspersonane kan reflektera rundt rolla som ressursperson ut frå funksjonsbeskrivinga. Det er eit fokus i 2017 å få fleire ressurspersonar frå kommunane inn i driftsgruppa og da spesielt fleire ergoterapeutar. Den årlege felles fagdagen vert arrangert 14. mars 2017, og alle ressurspersonane i nettverket blir invitert. Tema i år er «Religion og kulturforståing i møte med alvorleg sjukdom og død».

Plan for arbeidet i driftsgruppa:

I driftsgruppa vil ein prøve å ha 4 møte i året. Det første møtet er 19.01.17 der ein vil ha fokus på planane for nettverket i 2017. Det vil bli drøfta endringar i driftsgruppesamansetninga.



Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde

Fysioterapeutane i nettverket er utfordra av sjukepleiarnettverket til å undervise på dei lokale nettverksmøta i 2017. Det er starta arbeid med å utarbeide ein felles mal til undervisninga, og ressursfysioterapeutane vil bli oppmoda til å undervise i sitt område.

Det er og starta planlegging av ein ny fagdag til hausten.

Det er komme ønske og forslag om t.d. kognitiv funksjon, energiøkonomisering og temaet «Look good, feel better». Det er ønskeleg med undervisning frå ergoterapeut, og ny undervisning frå Tone-Lise Frantzen.

Driftsgruppas samansetning i januar 2017:

Leiar: Karoline Berge, fysioterapeut, Haugesund Sjukehus

Gunnhild Nereng, fysioterapeut, Haugesund Kommune

Eldbjørg Nesse, spesialfysioterapeut, Bømlo Kommune

Marianne Hollund Espeland, fysioterapeut, Stord Sjukehus

Agneta Gard, ergoterapeut, Haugesund Sjukehus

Astrid Eritsland, spesialfysioterapeut, Haugesund Sjukehus

20.01.2017

Karoline Berge, leiar av driftsgruppa